

Løpe- nr.	Skrivemåte i off. bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1	Hovrud / Håverud / Hoverud / Haaverud / Håvrud	Håverud	Eigedomar, fellesnamn for bnr. 58/3, 58/7 og 58/13	<p>Uttale: /haavru/, jf. Sophus Bugge (1882-83), /hå`vrú/, jf. bokverket Norske Gaardnavne, /"há:vr u/, jf. boka Nøvn vesta åsen (2009) av Tom Schmidt, /há:v`ru/, jf. heradsregisteret (1942). I Nøvn vesta åsen står det at namnet kjem av gamalnorsk *Hávaruð, av adj. há'r 'høg' og ruð n. 'rudning', slik at namnet tyder 'den høgtliggjande rudningen'.</p> <p>Skrifttradisjon: Hoverud i 1838-matrikkelen, Haaverud i 1886- og 1904-matrikkelen, Hovrud i 1950-matrikkelen, Håverud i gjeldande matrikkel, Hovrud i gradteigskarta frå 1936 og 1954 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1979, 1995, 2000 og 2008. Økonomisk kartverk har òg Hovrud, medan Håverud er brukt i boka Nøvn vesta åsen (2009), der det òg vert nemnt nokre eldre skriftformer, m.a. Hoffuerudt (1620) og Hoff(u)erud (1652).</p> <p>Høvringsssvar: Eigaren av bruk 58/3 ynskjer skrivemåten Øvre Håverud på sitt bruk i samsvar med gamle kart. Eigaren av bruk 58/7 ynskjer skrivemåten Hovrud.</p> <p>Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Håverud etter ei samla vurdering. Dei peikar på at skrivemåten med -å- og bindevokal er i samsvar med det historiske opphavet til namnet og med ynsket til ein av grunneigarane på staden.</p> <p>Vurdering: Den lokale uttalen /há:v`ru/ med /á:/ tilseier ein skrivemåte Håv- med å i dette namnet, for lang, open o av kort o eller ø i gamalnorsk har vanlegvis uttalen /ø:/ i valdresmål. Skrivemåten Håvrud, som er brukt på ein gard i Nord-Aurdal, ville ha lege nærmast uttalen, men sidan den skrivemåten ikkje har skrifttradisjon her, og ikkje er ynskt av nokon av grunneigarane, er det ikkje grunnlag for å vurdere han nærmare. Som Språkrådet peikar på, har fugevokal historisk grunnlag i dette namnet, jf. den gamalnorske forma *Hávaruð, og det er difor best grunnlag for Håverud i tråd med opphavet til namnet og det regelverket som gjeld for normering av stadnamn, jf. § 1 i stadnamnlova, som fastset at skrivemåten ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet.</p> <p>Håverud vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>

2	Håverud	Øvre Håverud	Bruk 58/3	<p><u>Uttale:</u> /"ø:vra "hå:vr u/, jf. boka Nøvn vesta åsen (2009) av Tom Schmidt.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Øvre Hovrud i bygdeboka Gardar og slekter i Vestre Slidre B (2001), s. 519, Øvre Håverud i boka Nøvn vesta åsen (2009), s. 232.</p> <p><u>Høyingsssvar:</u> Sjå løpenr. 1.</p> <p><u>Tilråding:</u> Jf. løpenr. 1.</p> <p><u>Vurdering:</u> På s. 233 i boka Nøvn vesta åsen nemner Schmidt at retningsorda Øvre og Nedre på høvesvis bruk 58/3 og 58/7 vekslar med Nørðre og Søre, og det forklarar bruken av Øvre på bruk 3 og Søre på bruk 7 i den nemnde bygdeboka. Men når Øvre er brukt på det eine bruket, bør Nedre helst brukast på det andre, slik at det vert samsvar i bruken når det ikkje er serlege grunnar til noko anna.</p> <p>Øvre Håverud vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
3	Håverud	Nedre Håverud	Bruk 58/7	<p><u>Uttale:</u> /"nëra "hå:vr u/, jf. boka Nøvn vesta åsen (2009) av Tom Schmidt.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Søre Hovrud i bygdeboka Gardar og slekter i Vestre Slidre B (2001), s. 519, Nedre Håverud i boka Nøvn vesta åsen (2009), s. 232.</p> <p><u>Høyingsssvar:</u> Sjå løpenr. 1.</p> <p><u>Tilråding:</u> Jf. løpenr. 1.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 1 og 2.</p>
4	Hovrud	Håverud	Bruk 58/13	Jf. løpenr. 1.
5	Håverudstølen / Høverudstølen / Håverudstølen	Håverudstølen	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /"håvr ustø:'n /, jf. boka Nøvn vesta åsen (2009) av Tom Schmidt.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Høverudstølen i økonomisk kartverk frå 1965, Håvrudsⁱⁿ i Norge 1:50 000 frå 1979 og 1995, Håverudstølen i Norge 1:50 000 frå 2000, Høverudstølen i Norge 1:50 000 frå 2008, Håverudstølen i boka Nøvn vesta åsen frå 2009, s. 232.</p> <p><u>Høyingsssvar:</u> Jf. løpenr. 1.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Håverudstølen, jf. løpenr. 1.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 1.</p>

6	Svulttjernet / Svultatjernet	Svultatjernet – vedtaket gjeld ikkje skrivemåten av Svult-	Tjørn	<p><u>Uttale:</u> /svù`'təkæddne/, (/svù`'tē-/?), jf. boka Norske innsjønamn 1 Upplands fylke (1924), s. 198 av Gustav Indrebø. Eit tilsvarande namn i Øystre Slidre står oppført med uttaleformene /svu'təkədnə/, (/svøu'ta-/, /svuif'təkədnə/ i heradsregisteret. I ei lokal samling av dialektnamn på Valdreskart står både Svultatjednet som namneform. Tom Schmidt skriv til Språkrådet at ei djupinnsamling frå Vestre Slidre har namna Svultakjedne og Svultamyradn ved stølen Svult.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Svulttj i Norge 1:50 000 frå 1952, Svulttjⁱ i Norge 1:50 000 frå 1981 og 1995, Svulttjernet i Norge 1:50 000 frå 2001 og 2009, Svult-tjern i økonomisk kartverk frå 1965.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> I eit innspel i Rett i kartet skreiv K. Hove i 2014 at Svulta-tjernet er det rette namnet lokalt, ikkje Svult-tjernet. Endre Stee ynskjer skrivemåten Svultatjednet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet meiner at det må reisas namnesak for primærnamnet Svult/Svultstølen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket avgrensar saka til å gjelda namnevalet og skrivemåten av samansetningsfuga -a- og etterlekken -tjernet. Skrivemåten av primærnamnet Svult vert soleis ikkje vurdert i denne saka, og me vurderer at det då er rom for å gjera vedtak for berre dette namnet.</p> <p>Det går rimeleg klart fram av både uttaleopplysningane og høyringsvara i denne saka at namnet i uttalen har ein samansetningsmåte med a-fuge, og ikkje med nullfuge. Det er òg i samsvar med andre avleidde namn i nærleiken, Svultavegen og Svultamyrane. Ein skrivemåte Svultatjernet med -a- vil soleis harmonisera namnet med namnebruken elles. Skrivemåten -tjernet er i samsvar med skriftradisjonen, rettskrivinga og med normeringspraksisen elles for namn på tjørnar i Øystre Slidre.</p> <p>Svultatjernet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
---	------------------------------	--	-------	--

7	Kringlehovda / Kringelhovda / Klingerhovda	Kringlehovda	Ås	<p><u>Uttale:</u> Tom Schmidt har opplyst til Språkrådet at ei djupinnsamling frå Vestre Slidre har Kringlehovda og Kringlekjedne, og han syner òg til s. 116 i boka Norske innsjønamn 1 (1924), der uttalen /kri'nglekæddne/ er opplyst for eit tilsvarande namn i Øystre Slidre. Kari Ringestad skriv i eit høyringssvar at «[p]å Syndin og i Johmsgrenda har vi alltid omtala det som KRINGLEHØVDVA".</p> <p><u>Skriftradiisjon:</u> Kringelhovda i økonomisk kartverk frå 1979, Kringlehd i Norge 1:50 000 frå 1952, Kringelhovda i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2001 og 2009, Kringelhøvda på s. 211 i boka Støsliv i Vestre Slidre frå 2018, Kringelhovda i boka Nøvn vesta åsen, s. 434.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Anne Marie Tvenge ynskjer skrivemåten Kringlehovda. Kari Ringestad skriv at dei på Syndin og i Johmsgrenda alltid har omtala det som KRINGLEHØVDVA, og tykkjer at forslaget om Klingerhovda høyrer seg vilt ut. Åsne Vik Hamre ynskjer at namnet Kringelhovda/Kringlehovda vert ståande uendra.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kringlehovda i samsvar med inkomne høyringsfråsegner og opplysningar.</p> <p><u>Vurdering:</u> Uttaleopplysingane som ligg føre i denne saka tilseier eintydig Kringle- som skrivemåte av førelekken, sjølv om noko av skriftradiisjonen kunne tyda på at ei uttaleform med -el- for -le- òg kan vera i bruk. Skrivemåten Kringlehovda, som er ynskt av somme lokalt, er i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk.</p> <p>Kringlehovda vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
8	Kringeltjern	Kringletjernet	Tjørn	<p><u>Uttale:</u> Kringlekjedne, jf. løpenr. 7.</p> <p><u>Skriftradiisjon:</u> Kringeltjern, jf. økonomisk kartverk (ØK) frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Jf. løpenr. 7.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av førelekken Kringle- fylgjer av løpenr. 7. Skrivemåten -tjernet er i samsvar med gjeldande rettskriving og normeringspraksisen i området. Namnet får bunden form i samsvar med uttalen, jf. pkt. 2 i dei utfyllande reglane: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen."</p> <p>Kringletjernet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 2 i dei utfyllande reglane.</p>

9	Fiskeløyse / Fiskeløyset / Fiskeløyssa	Fiskeløyset	Vath	<p><u>Uttale:</u> /fiːsskeløyse/, i dativ /-unn/, jf. boka Norske innsjønamn 1 Upplands fylke (1924), s. 51 av Gustav Indrebø. Kari Ringestad skriv i eit høyringsssvar at «[p]å Syndin og i Johmsgrenda har vi alltid sagt FISKELØYSE». På telefon med Kartverket opplyser Knut Hove uttalen /fisˈkøløyse/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Fiskeløyset i boka Norske innsjønamn 1 Upplands fylke (1924), Fiskeløyse i Norge 1:50 000 frå 1952, 1979, 1995, 2000 og 2008 og i ØK frå 1965.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Anne Marie Tvenge, Kari Ringestad, Åsne Vik Hamre, Paal Røiri og styret i Fjellstølen vel ynskjer skrivemåten Fiskeløyse.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fiskeløyset, og peikar på at dativforma syner at namnet har bunden form.</p> <p><u>Vurdering:</u> I norske dialektar med veksling mellom nemneform og dativform er det berre slik veksling i bunden form, og ikkje i ubunden form. Språkrådet har difor rett i at den dokumenterte dativforma syner at dette namnet førekjem i bunden form. (Dativsforma /fiːsskeløyssunn/ er påfallande, for endinga -unn skulle ein normalt rekna med å finna i eit lint hokjønnssord i målåret. Indrebø presiserer for dette namnet at nemneforma /-løyse/ er i inkjønn, medan dativsforma kjem av hokjønnssforma løyse. Det må difor ha skjett eit genusskifte i anten nominativs- eller dativsforma av namnet.) Punkt 2 i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Den nedervde uttalen i nemneform er med inkjønnssendinga /-e/, og namnet må dermed få bunden form -løyset i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Skrivemåten -løyse i dette området kan få det til å sjå ut som namnet er bunden form av eit sterkt hokjønnssord *løys, men det ordet er ikkje belagt i norsk.</p> <p>Fiskeløyset vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p>
---	--	--------------------	------	--

10	Kyrkja	Kyrkja	Stup	<p><u>Uttale:</u> Knut Hove, som er lokal grunneigar, opplyser uttalen /kyr`ka/ pr. telefon med Kartverket. Det er han som har føreslege at namnet vert formalisert for offentleg bruk.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Ikkje nokon kjend skriftradisjon.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kyrkja i samsvar med skrivemåten av tilsvarende namn i SSR.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Kyrkja er i samsvar med både uttalen og gjeldande rettskriving, og er soleis uproblematisk.</p> <p>Kyrkja vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
11	Hestehagen	Hestehagen	Li	<p><u>Uttale:</u> Knut Hove, som er lokal grunneigar, opplyser uttalen /hès`taha:gen/ pr. telefon med Kartverket. Det er han som har føreslege at namnet vert formalisert for offentleg bruk.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Ikkje nokon kjend skriftradisjon.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hestehagen i samsvar med skrivemåten av tilsvarende namn i SSR.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Hestehagen er i samsvar med både uttalen og gjeldande rettskriving, og er soleis uproblematisk.</p> <p>Hestehagen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
12	Strøsklantene	(feilført)	Rygg	Jf. løpenr. 13.

13	Strøsklanten / Strøssklanten	<p>Strøsklanten (hovudnamn) / Klanten (undernamn) – vedtaket gjeld ikkje skrivemåten av Strø-</p>	Topp	<p><u>Uttale:</u> Knut Hove, som er lokal grunneigar, opplyser uttalen /strøss'klant'n/ pr. telefon med Kartverket. I ei lokal samling av dialektnamn på Valdreskart står både Klanten og Strøsklanten som namneformer på denne staden. Tom Schmidt har skrive fylgjande til Språkrådet: «Eg har namnet på ei klopp i stølslaget Strø: Strøskloppe. Djupinnsamlinga har for Strøsklanten namnet Strøshøvda».</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Klanten i økonomisk kartverk frå 1967, Strøsklanten (s. 60) og Strøssklanten (s. 61) i boka Stølsiv i Vestre Slidre (2018), Strøsklanten i Turhandbok – Vang i Valdres (2001), s. 142f., Strøshøvda i boka På tur i Valdres (2011), s. 174.</p> <p><u>Høyningssvar:</u> Endre Stee skriv at namnet Strøsklantene er ukjent for han som namn på ryggen (løpenr. 12), og at det kan skapa forvirring med Klanten i Strø.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at Kartverket ut frå dei innkomne spørsmåla bør vurdere om namnet skal verta ståande i SSR, og at det i so fall bør reisas namnesak på alle Strøss-namna.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket avgrensar saka til å gjelda namnevalet og skrivemåten av samansetningsfuga -s- og etterlekken -klanten. Skrivemåten av primærnamnet Strø vert soleis ikkje vurdert i denne saka, og me vurderer at det då er rom for å gjera vedtak berre for dette namnet. (Framh.)</p>
13	Klanten		Topp	<p><u>Framh. vurdering:</u> Det føreslegne namnet Strøsklantene i SSR (løpenr. 12) galdt ein rygg på austsida av Skardtjernet etter innspel frå Knut Hove, men den registreringa var feil, og me feilfører difor namnet på det objektet. Knut Hove stadfester i dag at Strøsklanten (i eintal) gjeld høgda som hittil har stått som Klanten i kartet eit par hundre meter nordvest for stølen Strø. Klanten, som Endre Stee stadfester som namneform, er her å rekna som "stølens navn" på denne naturformasjonen, medan Strøsklanten kan reknast som "bygdens navn". Det er soleis grunnlag for å vidareføra båe namna, men Strøsklanten vert sett som hovudnamn sidan det er mest eintydig for ein større namnekrins. Namnet Strøshovda, som Tom Schmidt nemner, har ein mindre sikker tradisjon. Sidan ingen har teke til orde for det, vert ikkje det namnet teke inn i offentleg bruk no.</p> <p>Strøsklanten vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Klanten vert vedteke som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn. Namnet Strøsklantene på løpenr. 12 vert feilført.</p>

14	Rosshamrane	Rosshamrane	Berg	<p><u>Uttale</u>: Knut Hove, som er lokal grunneigar, opplyser uttalen /råss'hamradn/ pr. telefon med Kartverket. Han har høyrte somme seia Svarteberget /svar'tøbergø/, men han meiner det må vera eit nytt namn. Rosshamrane er det namnet mor hans alltid brukte.</p> <p><u>Skriftradisjon</u>: "Svarteberget eller Rosshamrane" i boka Stølsliv i Vestre Slidre (2018), s. 155.</p> <p><u>Høyringssvar</u>: Ingen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Rosshamrane, og syner til at Gisshamrane er vedteken skrivemåte for eit namn like ved i Vang kommune.</p> <p><u>Vurdering</u>: Skrivemåten Rosshamrane er i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk og med normeringspraksisen i området.</p> <p>Rosshamrane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
----	-------------	-------------	------	--

